

STYRETS BERETNING 2010

Styret si melding om verksemda i konsernet Møreforsking i 2010

Konsernet Møreforsking er sett saman av morselskapet Møreforsking AS og dotterselskapet Møreforsking Molde AS. Møreforsking AS har eigne forskingsavdelingar i Volda og Ålesund, og eig 51% av aksjane i dotterselskapet Møreforsking Molde AS. Møreforsking sitt hovudkontor ligg i Volda.

Arbeidsmarknadene i Møre og Romsdal er i sterk endring

Møre og Romsdal er ein region i sterk og dynamisk utvikling. Næringslivet i fylket har snart opplevd 10 år med samanhengande oppgang og vekst i omsetnad og aktivitetsnivå. Maritime og marine næringar er i spissen for dette, og målt i botnlinje var 2010 "all time high" for begge næringane. Dette skjedd samstundes med at store delar verda strevde med å kome seg igjen etter finanskrisa. Møre og Romsdal hadde ein folketalsvekst i 2009 og 2010 som vi må nær 60 år tilbake i tid for å finne tilsvarende tal for.

Samstundes med at folketal og verdiskaping aukar, skjer det ei enda sterkare endring i **kunnskapsinnhaldet i nærings- og arbeidslivet**, og bedriftene i regionen står ikkje lenger fram som ressursbaserte produksjonsbedrifter, men som leverandørar av kunnskapsbaserte tenester.

Tilgang på arbeidskraft og kompetanse blir dermed heilt sentralt. Regionen har store vanskar med å tiltrekke seg nok arbeidskraft, og arbeidsgjevarane på Møre saknar no meir enn noko anna høgt utdanna arbeidskraft – og er opptatt av utdanning, forskning og kunnskapstilgang som drivar for innovasjon og regional utvikling.

I forlenginga av den sterke oppgangen ligg det samstundes utviklingstrekk som er utfordrande. Regionen har bedrifter som er så konkurransedyktige og ekspansive at dei på ingen måte klarer å dekke opp sitt kunnskaps- og kompetansebehov lokalt, verken kvantitativt eller kvalitativt. Mangelen på nok kompetent arbeidskraft gjer at desse verksemdene må flytte strategiske og kunnskapsintensive funksjoner og oppgåver ut – ikkje til Oslo eller andre delar av landet– men til Singapore, Romania, Brasil eller Vietnam. Dette er naudsynt og riktig for bedriftene og bra for dei landa og områda som får auka aktivitet, men er problematisk for ein region som meir enn noko anna treng vekst i kompetanseintensive arbeidsplassar.

Den viktigaste skilnaden mellom arbeidsmarknadene på Nordvestlandet og storbyregionane i Noreg er evna til å skape vekst i kompetanseintensive arbeidsplassar i privat sektor. Slike arbeidsplassar er nøkkelen til meir allsidige regionale arbeidsmarknader og mindre kjønnsdeling i arbeidsliv, næringsliv og verdiskapingsgrunnlag. Dette treng Møre og Romsdal. Det ligg eit stort, uutnytta potensiale for dette i forlenginga av dei sterke industrimiljøa som Møre og Romsdal har innan skipsbygging, fiskeindustri, oppdrettsnæring og møbelindustri, men vilkåret for å få dette til er stor nok tilgang på kompetent arbeidskraft.

Dei ressursbaserte produksjonsnæringane er i stor grad er bygd opp ut frå erfaringsbasert kunnskap, lokale nettverk med kundar og medleverandørar og det som kan kallast realkompetanse. I dag er konkurranseevna i mykje større grad bestemt av evna til å utnytta FoU-basert kunnskap, tilknyttinga

til og evna til å hauste av globale kunnskapsnettverk og formalkompetansen til dei tilsette. Næringslivet i Møre og Romsdal har god evne til å utnytte den nasjonale og globale kunnskapsalmenninga, og regionen er, og vil i endå større grad framover vere avhengig av ein stor kunnskapsimport.

Det mange overser er dei store bruttobevegelsane som er i arbeidsmarknaden. Om lag 1 av 4 jobbar skifter hovud kvart år, halvparten i form av skifte av tilsette, og om lag like mange som følgje av at jobbar forsvinn ved at bedrifter blir lagde ned eller nedbemannar. Til gjengjeld blir det skapt enda fleire nye jobbar gjennom nyetableringar, eller bedrifter som oppbemannar. Dei nye tilsette er gjerne høgare utdanna enn dei som går ut, og dette gir det vi kan kalle ei kunnskapsvandring i nærings- og arbeidslivet. Det er desse årlege endringane **internt** i bedriftene og etatane som bidreg mest til fornyinga av arbeidsmarknaden og til produktivitsauken i økonomien. Omlag 90 prosent av den årlige omstillinga av arbeidskraft er mellom bedrifter **innanfor** industrien og **innanfor** tenesteyting, medan berre 10 prosent av produktivitsveksten skuldast overflytting av arbeidskraft mellom næringar. Om ein leitar etter årsaker eller **drivkrefter bak omstilling**, så er det i skilnader mellom bedrifter meir enn skilnader mellom næringar som forklarar dette.

For å kunne hauste effektivt av den globale kunnskapsalmenninga og kunne omsette dette til verdiskaping i bedriftene, trengs det og ein sterk kunnskapsbase lokalt, i form av eigne tilsette og regionale kunnskapsmiljø som trekkje fagfolk og bygge nettverk i regionen.

I ein kunnskapsøkonomi, som Møre og Romsdal er i ferd med å få, vil framtidig konkurranseevne difor i stor grad vere eit spørsmål om kompetansetilgang. Det positive er at ungdomen i fylket i stadig aukande grad skaffar seg slik formalkompetanse gjennom å ta utdanning, gjennom å reise til universitet og høgskular i Oslo, Bergen, Trondheim eller endå betre - til utlandet. Håpet for arbeidsgjevarane i Møre og Romsdal er at dei skal kome tilbake med ein mastargrad eller doktorgrad, men realiteten er dei aller fleste føretrekk å bli verande der dei tek denne utdanninga. Dette gjeld i særleg grad dei som kjem frå ein av byane i fylket.

Det som reddar Møre og Romsdal, er arbeidsinnvandring, i første rekkje frå Aust-Europa. Ny rekord vart sett i 2010, då innflyttinga frå utlandet var på 3 820 personar. Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har prosentvis over dobbelt så høg arbeidsinnvandring frå Aust-Europa som landsgjennomsnittet. Begge fylka ligg samtidig med sine ca. 6% innvandrar godt under landsgjennomsnittet (som var 9,5% i 2010). Fenomenet innvandring kom seint til Nord-Vestlandet, men det kom desto kraftigare når det kom.

Det er eit 1:1 forhold mellom folketalsutviklinga i Møre og Romsdal og innvandring. Dess høgare innvandring – dess større geografisk spreing. 23 av 36 kommunar hadde flytteoverskot i 2010. I relative tal er innvandringa størst i mindre kommunar, som er prega av industri (maritim, næringsmiddel) og reiseliv. Innvandring er i dag, som det også i tidlegare århundre, i nokon grad vore eit kystfenomen.

Tek vi vekk innvandrane og ser berre på innanlandske flyttingar, blir bilete heilt snudd. Kristiansund den einaste bykommunen med **innanlands** flytteoverskot. Verken Ålesund eller Molde hadde overskot i flyttereignskapet i 2009 om vi ser innanlands flytting.

Kvar 12. (?) arbeidstakar i Møre og Romsdal i dag er innvandrar, og sysselsettinga (yrkesdeltakinga) for innvandrarar er høgare i Møre og Romsdal enn i alle andre fylke utanom Finnmark. Det positive er at mange av innvandrane blir, og ein aukande del av innvandringa er familiegjenforeining. Desse utgjer eit viktig arbeidskraftpotensiale, særleg for offentleg sektor. 40 prosent av innvandrane som arbeider i offentleg sektor, har høg utdanning, medan talet for privat sektor er 20 prosent. Samstundes er det mange av innvandrane som har høgare utdanning som dei ikkje får utnytta, og dei går i jobbar dei er overkvalifiserte for.

Dei regionale arbeidsmarknadene i Møre og Romsdal er i sterk endring. Utdanning gjev mobilitet, og globalisering av arbeidsstyrken gjennom migrasjon gir ein auka dynamikk i møtet mellom den regionale, nasjonale og globale arbeidsmarknaden. Reisa mot kunnskapssamfunnet inneber omstillingar som pregar både Møre og Romsdal, Noreg og stor delar av den vestlege verda. Utfordringa er at nokre land og regionar reiser forare enn andre. Noreg sitt utdanningsforsprang knappast inn, og skilnaden mellom universitets- og storregionane og resten av landet aukar.

Møreforskning i 2010:

Ei av dei viktigaste rollene til forskarar er å undre seg over kva som skjer i samfunnet rundt ein. Biletet av dei grunnleggjande samfunnsmessige utviklingstrekka som er omtala tidlegare, blir veldig tydelege i eit fylke som Møre og Romsdal. Dei store endringane i regionale bu- og arbeidsmarknader er tema for ei rekkje forskingsprosjekt som Møreforskning utfører for ulike oppdragsgjevarar, og som vi arbeider med å bygge opp kompetanse rundt som ei av seks eigne strategiske satsingar. Innhaldet i desse satsingane blir nærmare omtala nedanfor.

Møre og Romsdal scorar lågt på dei fleste indikatorar som måler utdanningsnivå og investeringar i forskning. Talet på forskarårsverk i høve til folketalet er lågt. Samtidig har fylket eit næringsliv som driv kommersiell innovasjon i verdsklasse, og som er gode til å anvende resultat frå forskning i eige innovasjonsarbeid. Tette band mot sterke utdannings- og forskingsmiljø er viktig for å kunne hevde seg på ein global konkurransearena også i framtida. Møre og Romsdal treng auka forskingskapasitet og sterkare forskingsmiljø. Det må byggjast institusjonar og forskingsmiljø med nasjonal og internasjonal konkurransekraft på område der regionen har fordelar. Møreforskning si rolle er å underbygge dette gjennom å drive anvendt forskning og utvikling.

Møreforskning sin strategi 2009-2012 fastset 8 ulike resultatmål. Vi skal:

1. Styrke forskingskompetansen
2. Vekse i bemanning og auke kapasiteten
3. Styrke banda og samarbeidet mellom Høgskulane og Møreforskning
4. Utvikle nasjonal spisskompetanse på utvalde område
5. Sikre fagleg breidde som gir god regional relevans
6. Gi våre tilsette konkurransedyktig lønnsutvikling og stimulere kompetanseutvikling
7. Sørgje for god oppdragsdekning og prosjektstyring
8. Drive formidling og bli meir synlege

For å sikre at vi går i rett retning og når dei måla vi har fastsett i strategien, måler vi prestasjonane våre på desse områda.

Strategiske kompetanseprosjekt:

For å bygge ny kompetanse vedtok styret i Møreforsking i 2010 å satse 9 mill kr dei neste tre åra på seks strategiske kompetanseprosjekt som vert gjennomførte i samarbeid med fagmiljø på høgskulane i fylket. Satsinga vert finansiert med midlar frå grunnløyvinga som Møreforsking mottok frå Forskringsrådet og med midlar frå Møreforsking sitt forskingsfond. Dei seks satsingane er:

- *"Kontraksstrategiar for internasjonalisering av lokal leverandørindustri"* i regi av Høgskolen i Molde i samarbeid med Møreforsking Molde og Høgskolen i Ålesund.
- *"Utvikling av globale verdikjeder for regionale maritime næringar"* i regi av Møreforsking Molde i samarbeid med Høgskolen i Molde.
- *"Bu- og arbeidsmarknader i endring"* i regi av Møreforsking Volda.
- *"Med sans for kvalitet"* i regi av Møreforsking Marin i samarbeid med Møreforsking Volda.
- *"Levande sjømat"* i regi av Møreforsking Marin.
- *"Bioteknologisk metode"* i regi av Møreforsking Marin i samarbeid med Høgskolen i Ålesund.

FOU-produksjon:

Møreforsking driv både grunnforskning og anvendt forskning organisert gjennom oppdrag. Det er tett samanheng mellom grunnforskning, anvendt forskning og oppdragsretta verksemd.

Oppdragsverksemda skaffar viktig datagrunnlag og empiri, som legg grunnlag for å kunne utvikle ny kunnskap. Gjennom vår oppdragsverksemd bidreg Møreforsking til at høgskulane kan drive meir FOU-basert undervisning. Den delen av verksemda vår som har slik grunnforskningskarakter, var i 2010 på 30%.

Publisering:

Møreforsking aukar den vitenskaplege publiseringa. Det vart i 2010 publisert 14 artiklar i vitenskaplege tidsskrift, mot 6 i 2009. Mange av dei oppdraga som blir utførde i Møreforsking, legg og grunnlaget for vitenskapleg publisering i regi av høgskulane.

Høgskulane og Møreforsking samarbeider om publisering gjennom felles skriftseriar. Alle rapportar frå oppdrag som ikkje er graderte, vert lagde ut og kan fritt lastast ned frå våre heimesider. Det vart publisert 45 forskings- og arbeidsrapportar i 2010 i eigen regi og 3 rapportar i samarbeid med andre forskingsmiljø. Også dette er ein auke frå 2009.

Gode medarbeidarar:

Det vart utført 42 årsverk ved Møreforsking i 2010, som er ein auke på 1 årsverk frå 2009. Vi fekk inn 6 nye medarbeidarar på heil- eller deltid i løpet av fjoråret, medan 2 slutta. Mange av våre tilsette har samtidig delte stillingar mellom Møreforsking og høgskulane, og talet på tilsette som dreiv undervisning, rettleiing eller hadde anna engasjement på høgskulane, auka i 2010. Ved utgangen av året var vi 55 tilsette, fordelt med 48 vitenskaplege og 7 administrativt tilsette. Ved utgangen av 2010 hadde vi 20 medarbeidarar med doktorgrad eller tilsvarande kompetanse med hovud- eller bistilling i Møreforsking. Dette er ein auke på 4 frå 2009, og 45% av våre vitenskaplege tilsette har førstekompetanse. Fem medarbeidarar deltok i 2010 på ulike doktorgradskurs.

Ei viktig side av samarbeidet med høgskulane er utveksling av medarbeidarar mellom forskning og undervisning. 24 av våre medarbeidarar deltok i 2010 i undervisning, sensur og rettleiingsarbeid ved høgskulane. Nokre færre høgskuletilsette deltok i forskingsprosjekt i regi av Møreforsking. Sju

personar var i 2010 tilsette i bistilling. Det er eit mål å auke omfanget av slikt personalsamarbeid, mellom anna i form av nye deltakarar frå høgskulane på prosjekt i regi av Møreforsking.

Møreforsking er eit av 55 norske forskingsinstitutt som mottek grunnløyving frå Forskingsrådet, og dette utgjorde i 2010 NOK 3,8 mill. Delar av grunnløyvinga er resultatbasert, og Møreforsking tok andelar i høve til de 21 andre samfunnsvitskapelege institutta som vi konkurrerer med. I tillegg løyvde Møre og Romsdal fylke eit tilskot på NOK 1,4 mill. Desse midla finansierer grunnleggjande kompetanseutvikling og fagleg fornying av forskarstaben, kvalitetssikring av forskingsresultat, publisering og formidling i form av vitskapelege artiklar, nettverksbygging og internasjonalisering, samt doktorgradsutdanning innafor instituttet sine forskingsområde.

Likestilling:

Kjønnsbalansen ved instituttet er i utgangspunktet god, både blant forskarane og samla. 20 av dei tilsette er kvinner, og kvinner utgjer 42% av det vitskapelege personalet. Det vert praktisert full likestilling i høve til alle stillingar og funksjonar i selskapet.

På leiarsida er ikkje kjønnsbalansen like god. To av sju medlemmer i Møreforsking AS sitt styre er kvinner, medan to av fem i styret for dotterselskapet Møreforsking Molde AS.

Av administrative leiarar er alle fire menn. Den faglege verksemda er organisert i forskingsgrupper, og her er 4 av 8 forskings-/eller gruppeleiarar kvinner. Til saman betyr dette at 33% av leiarane i konsernet er kvinner.

Styrke samarbeidet med og mellom høgskulane:

Dei tre høgskulane i Møre og Romsdal og Møreforsking utgjer samla eit kunnskapsmiljø med ca 450 tilsette i fagstillingar. Alle dei tre høgskulane er eigarar i Møreforsking og våre viktigaste faglege samarbeidspartnarar. Møreforsking skal spegle høgskulane sine faglege profilar og fungere som deira eining for eksternt finansierte forskingsoppdrag.

For å utgreie eit tettare samarbeid seg imellom, har Høgskulane og Møreforsking gått saman i Mørealliansen. Ei prosjektgruppe med Arild Hervik, Gunnar Stave og Per Ekelund har gjort ei kartlegging og utgreiing av framtidig organisering av og innhald i samarbeidet mellom dei tre høgskulane. Utgreiinga dekkjer også forskingssamarbeid. I sin høyringsuttale til utgreiinga la styret i Møreforsking hovudvekta på den rolla og betydning som dei tre høgskulane har for nærings- og samfunnsutvikling på Nordvestlandet. Styret tilrådde at intensjonane i Mørealliansen realiserast gjennom eit meir *formalisert samarbeid*, både mellom dei tre høgskulane og med Møreforsking. Styret peika på at Møreforsking kan nyttast som ein aktiv reiskap for å utvikle samarbeidet – både innan forskning og etter- og vidareutdanning.

Ein annan aktivitet som Møreforsking bidrog til i Mørealliansen i 2010, var å gjennomføre et felles program for å utvikle faglig leiing i og mellom institusjonane og bygge nettverk mellom nøkkelpersonar (Forskingsleiing i Nordvest - FNV2). Møreforsking stod for planlegging, utvikling av fagleg innhald og opplegg, samt administrativ og praktisk gjennomføring av programmet på vegne av deltakarane i Mørealliansen. Totalt var 87 personar frå Høgskolen og Møreforsking i Molde (32),

Høgskulen og Møreforsking i Volda (24) og Høgskolen og Møreforsking i Ålesund (31) med på heile eller delar av programmet.

Campus-utvikling:

Både i Molde, Ålesund og Volda blir det arbeidd med å styrke Campus som regionale knutepunkt for utdanning, forskning og innovasjon i samarbeid med næringslivet. Høgskulen, Kunnskapsparken og Møreforsking Molde har etablert Molde Campus, og det er i forlenginga inngått samarbeidsavtale med iKuben som er eit samarbeidsnettverk mellom 18 industribedrifter i Romsdal og Nordmøre.

Tilsvarende er det gjennomført eit utviklingsprosjekt for Campus Ålesund som trekkjer med seg både Høgskolen, KPÅ, Møreforsking, studentorganisasjonar og ulike bedrifter som har tilhald på campus, eller som er viktige brukarar av utdannings- og forskingsmiljøet. Prosjektet legg grunnlaget for å utvikle Høgskolen i Ålesund fram til 2030. For Møreforsking er prosjektet viktig for vår vidare utvikling etter at vi flyttar inn nye lokaler på campus våren 2012.

Eit tilsvarende prosjekt er under utvikling i Studiebygd-A Volda.

Mange kundar og oppdrag:

Konsernet Møreforsking hadde ein omsetnad i 2010 på 45 mill kroner, og av dette var 70% direkte oppdragsinntekter. Inntekter frå Forskingsrådet utgjorde 17%. Samanlikna med andre samfunnsvitskaplege institutt har vi har ein meir næringsretta profil, og mindre del av inntekta kjem frå Forskingsrådet og andre offentlege kjelder som finansierer forskning. Samstundes betyr den nasjonale oppdragsmarknaden mykje for Møreforsking, illustrert med at vi i 2010 hadde oppdrag frå ti ulike departement.

94% av inntektene i 2010 kom frå konkurransebaserte oppdrag. Møreforsking hadde 197 ulike prosjekt under arbeid i 2010. Gjennomsnittleg størrelse på prosjekta er aukande.

Møreforsking fortsette i 2010 å styrkje aktiviteten retta mot næringslivet. VRI Møre og Romsdal er eit viktig verktøy for å mobilisere til næringsretta og forskingsbasert innovasjon og utvikling. Den første prosjektperioden som starta i 2007, vart avslutta i 2010, og ein ny prosjektperiode starta opp i 2011. I perioden 2007-2010 vart det gjennomført 74 forprosjekt der bedrifter samarbeider med FOU-miljø om innovasjon. VRI byggjer i tettare nettverk mellom høgskular, forskarar og bedrifter. Halvparten av forprosjekta vart følgde opp som større hovudprosjekt. VRI-satsinga har god oppslutning, treff utviklingsorienterte bedrifter, og desse oppnår resultat.

Gjennom VRI og Forskingsfondet har Møreforsking bygd opp kompetansemeklarfunksjon på Nordmøre. Vi har utvida verksemda på Nordmøre i 2010 og vil frå hausten 2011 ha tre medarbeidarar i Kristiansund.

Formidling:

Tilsette i Møreforsking heldt 70 populærvitskaplege foredrag eller presentasjonar i 2009. Vi var arrangør eller medarrangør på 16 ulike konferansar/seminarar. Begge formene for formidling er aukande.

Arbeidsmiljø og ytre miljø:

Møreforskning driv eit systematisk HMS-arbeid med årlege gjennomgangar av fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Eit felles Arbeidsmiljøutval for konsernet vart danna i 2010, og Møreforskning AS gjekk inn i avtale om eigen Bedriftshelsetenesteordning.

Det har ikkje vore rapportert skadar eller ulykker knytt til verksemda eller dei tilsette i 2010. For Møreforskning AS var sjukefråværet på 5,7%. Møreforskning Molde hadde et sjukefravær på 1,7%. Samla for konsernet var sjukefråveret i 2010 på 4,4%.

Møreforskning driv ikkje aktivitet som har negative følgjer for ytre miljø.

Konsernet Møreforskning:

Omsetnaden til konsernet Møreforskning vart i 2010 kr 44,9 mill. med eit overskot etter skatt og før minoritetsinteresser på kr. 138'. Konsernet hadde ein samla eigenkapital pr 31.12.2010 på nær 15 mill. kr. (minoritetsinteresser inkludert). Dette gir ein eigenkapital tilsvarande 32 % av totalkapitalen. Av den langsiktige gjelda på 12,1 mill. kr er 9,9 mill. kr knytt til det forskingsfondet som Møreforskning vart tilført av Møre og Romsdal fylke ved stiftinga av selskapet i 2007. Resten er utsett skatt. Totalkapitalen i konsernet pr 31.12.2010 var på 47 mill. kr. Konsernet har ei samla likviditetsbeholdning på 28 mill. kr og dermed god evne til eigenfinansiering av investeringar i kompetanse og driftsmiddel.

Rekneskapan for Møreforskning AS og Møreforskning Molde AS er gjort opp med avsetjing for skatt. Møreforskning har eit allment føremål for si forskingsverksemd, og skal etter vedtektene ikkje utbetale utbytte. Alt overskot går attende til verksemda og vert nytta til investeringar i kompetanse og utstyr til å drive forskning.

Møreforskning AS (mørselskap):

Resultatrekneskapan for Møreforskning AS i 2010 viser eit underskot etter skatt på kr 360 218,-. Ordinært resultat før skatt er rekna til - kr 568 175,-. Brutto omsetnad i 2010 var på 31,6 mill kr. Sum driftskostnader var på kr 32,5 mill. Netto finansinntekter var på kr 304'.

Selskapet hadde pr. 31.12.2010 ein eigenkapital 13 mill kr. - som tilsvarar 32,4% av totalkapitalen. Samla balanse var på kr 40 270 272,- som er ein marginal nedgang frå 2009.

Møreforskning Molde AS:

Dotterselskapet Møreforskning Molde AS, som Møreforskning AS eig saman med Høgskolen i Molde (49%), hadde i 2010 eit overskot etter skatt på kr 498 450,-. Ordinært resultat før skatt er rekna til kr 664 195,-. Brutto omsetnad i 2010 var på 14,2 mill kr, som var ein auke frå året før på nær 2 mill kroner.


Selskapet hadde pr. 31.12.2010 ein eigenkapital kr 6 281 742,- som tilsvarar 56,5% av totalkapitalen. Samla balanse var på kr 11 108 530,-.

Vidare drift

Møreforsking har i løpet av de siste åra rekruttert mange nye medarbeidarar og vokse i bemanning og aktivitet. Konsernet gjekk i 2009 med underskot, mens vi i 2010 gjekk i balanse. Vi er i ferd med å investere i nye lokale, laboratorium og utstyr. Møreforsking Marin flyttar inn i nye lokale 1. april 2012. Vi forbetra driftsresultatet i 2010, og målet for 2011 er å styrkje lønsemda ytterlegare. Møreforsking brukte i 2010 mykje ressursar på å drive utvikling og initiering av nye forskingsprosjekt. Vi fekk i 2010 ei rekkje nye oppdrag, og alle tre avdelingane har i 2011 ein høg ordresreserve og ventar vekst i aktivitetsnivået gjennom året.

Årsrekneskapen for 2010 for konsernet, samansett av morselskapet Møreforsking AS og dotterselskapet Møreforsking Molde AS, er gjort opp under føresetnad om vidare drift. Etter styret si meining gir den framlagde årsrekneskapen og balansen saman med tilhøyrande notar eit dekkjande bilete av konsernet si drift og økonomiske stilling ved årsskiftet.

Volda 31.12.2010 / 13.04.2011



Bjørn Berge
Styreleiar




Rune Garen
nestleiar



Jan Husdal
styremedlem



Per Hoem
styremedlem



Harald M. Hjelle
styremedlem



Anne Stene
Styremedlem



Anne Øie
styremedlem



Roar Tobro
direktør